Byklaren
eit informasjonsblad frå Bykle kommune
November 2026 37. ÅRGANG

Meir enn 200 på pylsefest for Hovden Torg del 1.



Meir enn 200 menneske fekk med seg markering av Hovden Torg del 1. (Foto: Alida Mørenskog)

Det var godt oppmøte og stor stemning då fyrste del av Hovden Torg vart markert på Hovden nyleg.

Både fastbuande, hyttefolk og tilreisande møtte fram for å vere med på feiringa av prosjektet, som skal skape eit meir levande og attraktivt sentrum på Hovden. Gjennom ettermiddagen samla store og små seg på det nye torgområdet. Mange nytta høvet til å sjå nærare på løysingane som no er på plass, medan andre møttest til ein prat og sosialt samvær i haustsola. For fleire vart markeringa også ein sjans til å sjå korleis sentrumsområdet har utvikla seg dei siste åra.

Samlingsstad

Det nye torgområdet er utforma for å vere ein naturleg samlingsstad i bygda. Under opninga vart det lagt vekt på kor viktig slike møteplassar er for både lokalsamfunnet og reiselivet. Hovden er ein stad med mange besøkande gjennom store delar av året, og kommunen ønskjer å utvikle eit sentrum som inviterer til aktivitet og opphald for alle.

Mange av dei frammøtte gav uttrykk for at dei sette pris på dei nye kvalitetane som no er komne på plass, og fleire nytta høvet til å utforske området saman med familie og vener. Feiringa synte at torget alt no har byrja å finne si rolle som ein sosial møteplass for folk i alle aldrar.

Trente på beredskap

I løpet av oktober månad var Bykle kommune involvert i fleire beredskapsøvingar. Både atomberedskapsøving og "Hele Norge øver" var nasjonale testar av beredskapsapparatet. I tillegg vart den nasjonale eigenberedskapsveka gjennomført i oktober.



November.. Månaden er ein slag mellomstasjon - hausten er langt på veg over, vinteren i kominga og endåtil jolehøgtida, eller i alle fall adventstida, er bare ein liten månad unna. At me straks skriv november seier vel meir enn noko kor fort tida går. For var det ikkje no nettopp me bada, koste oss i sola, gjekk turar i heiar spegla i haustfargar og alt det gode som høyrer desse årstidene til? Det var visst ikkje det, det bare kjennest slik.

Viktig sesong

Vel, vel. Øvst i Setesdal skal ein vel bare glede seg over at vinter og snø er i kominga. Alle ynskjer vel at Hovden skal bli ein heilårsdestinasjon - så er det likevel inga tvil om at vinteren er høgdepunktet med tusenvis av menneske samla kvar helg og i alle feriar og høgtider. Det betyr pengar i kassa for butikkar og kaféar, alpinanlegg og alt ein har der oppe. Så må det vere lov å håpe på ein litt meir stabil og fin vinter enn dei siste par-tre åra - det har både lokalt næringsliv og folk flest fortent!

Hektisk innspurt

I Bykle kommune er det alltid ein hektisk innspurt fram mot jol. Det skal eit budsjett på plass for neste år, og administrasjonen arbeider som alltid med fullt trøkk slik at dei folkevalde kan handsame alt saman i rett tid. Elles går den vanlege drifta i kommunen sin gang, kvar dag skal det sers gode tenestenivået sikrast både for bygdefolk og tilreisande. Auke i både folketal og aktivitet gjev signal om at det blir gjort mykje godt arbeid!

Hovdenrevyen slår til alle kantar!

Hovdenrevyen knallar til også i år med framsyninga "Over skog og hei" som har premiere fredag 30. oktober. I år ligg det an til at gjengen slår godt frå seg - til alle kantar!



Frå øving før årets Hovdenrevy. No er det bare tida og vegen fram til premiere fredag 30. oktober. Det blir også to framsyningar laurdag 31. oktober. (Foto: Else Gyro Rysstad)

I tillegg til premiere-framsyninga fredagskvelden klokka 19 er det også framsyningar i Hovden grendehus dagen etter. Laurdag 31. oktober klokka 16 og 19. I alt tre framsyningar altså, der den revyale glaskapen skal få fritt spelerom og der inga sak er for lita, eller for stor, til å hamne i programmet!

God oppslutning

Sjølv om oppmøtet til Hovdenrevyen har variert gjennom åra, har likevel Bykle og Hovden teaterlag gong på gong fått stadfesta at Hovdenrevyen vil folk ha - både fastbuande og tilreisande møter opp. Skal ein døme etter plakata for årets revy, vil ein kome innom alt frå kulvertar til "oppoppande" skigardar og andre fenomen frå lokalsamfunnet. Krydra med kreative innfall frå meir eller mindre elleville utøvarar blir det kan hende også eit skråblikk på det regionale - i god og traduisjonell Hovden-revy-stil. Så blir det spennande å sjå om ein har ein topprevy i vente - eller humørfylt moro heilt på jamnen. Den som møter opp får svar!

Kurs med Bykle husflidslag hausten 2026

BYKLE HUSFLIDSLAG

Knivslipekurs med Anders Dalseg tysdag 10. november i sløydsalen på Bykle skule kl. 18-21. Kursdeltakarar tar med knivar som treng sliping.
Påmelding til Jørgine Sofie Mosdøl: jorgine@online.no eller tlf.: 951 72 235.
Medl. 40,-/time, ikkjemedl. 70,-/time.
Arr.: Bykle husflidslag



Førjolskonsert

Setesdal kulturkyrkje på Tveit

Stevleik møter country

Stevleik med Kirsten Bråten Berg og lokale kvedarar frå Setesdal Spelemannslag



Solistar:



Vidar Frøysnes



Oddvar og Øyvind Omnes



Sigrid K. Jore

Laurdag 28. November
klokka 17.00

Billettar: 250,-
Kan kjøpast på Checkin.no
Ved spørsmål ring: 95041185
Gratis inngang for dei under 15 år

Husband:
Tor Ånon Kleivane
Finn Håkon Borgi
Runar Granheim
Eirik Hodnemyr

Byklarar rausast under TV-aksjonen i år som i fjor!



Bøsseberarar klar til innsats på Hovden. Framme Nikoline Olafsen. Bak frå venstre: Vicki Olafsen, Mathilde Sødal og Even Fredriksen.

Foto Stine Gulowsen

Nok ein gong er byklarane rausast på Agder når det kjem til gjevarglede i TV-aksjonen viss ein ser på kroner per innbyggjar. Totalt sett gav kvar fastbuande i kommunen i snitt 225,98 kr. Snittet per innbyggjar for fylket samla sett er 44,83 kr. Landssnittet er 45,06 kr.

Det vart samla inn kring 14,5 mill. kr. i Agder, noko som gjev ein 7. plass nasjonalt. I fjor samla TV-aksjonen inn 16,6 mill. kr. i fylket. I Agder ligg altså Bykle på topp, med Sirdal og Åseral på dei to neste plassane. TV-aksjonen totalt sett har fått inn kring 251,3 mill. kr. Nok ein gong viser altså Bykle vegen i det som blir kalla verdas største dugnad, med over 100.000 friviljuge i sving!



Dugnadsgjeng i Bykle kommune klar til innsats for årets TV-aksjon!

Gjennom honorarfondet vil vi gjere folkemusikken i Setesdal kjent og høyrt, og stimulere til aktivitet!

HONORAR-FOND TIL FOLKEMUSIKK

KJETSÅ DESIGN

Ei ordning for deg som vil ha eit arrangement i kommunane Bykle, Valle, Bygland, Åseral og Evje og Hornnes.



Når du nyttar våre lokale folkemusikarar til arrangement i kommunane Bykle, Valle, Bygland, Åseral og Evje og Hornnes kan du som arrangør få tilskot til å dekke honoraret.

Alle lag, foreiningar, bedrifter og privatpersonar kan søkje om tilskot frå fondet. Døme på tilskipingar: Konferansar, bedriftssamlingar, representasjonsoppdrag, feiringar som opningsfestar, jubileum og «runde dagar».

Meir informasjon og søknads-skjema finn du på kommunane sine heimesider, eller du kan sende ein e-post til post@setesdalspelemannslag.no

Bykle kommune

Valle kommune

Bygland kommune

Åseral kommune

Evje og Hornnes kommune

Setesdal Spelemannslag

Valle Sparebank
- allstøtt med deg

Velkomen til



I Fjellgardane kyrkje
Annakvar torsdag kl.12.00-14.00

Torsdag 1. oktober
Torsdag 15. oktober
Torsdag 29. oktober
Torsdag 5. november
Torsdag 26. november

Babysong med musikk og leik
Arrangørar: kyrkja og helsestasjonen i Bykle.
Enkel servering.

DEN NORSKE KYRKJA
Bykle, Valle og Hylestad



Velkomen til strikkekafé i Gjenbruksbutikken på Hovden!

Kvar torsdag i haust frå kl. 15.00 til 17.00

Ta med ditt eige strikketøy eller anna handarbeid. Kom til hyggeleg samvær og gode samtalar, og lat deg inspirere av andre kreative og likesinna.
Enkel servering.

FRIVILLIG SENTRAL BYKLE

DEN NORSKE KYRKJA
Bykle, Valle og Hylestad

Naturvernforbundet
Setesdal


Villreinen og tiltaksplanen

Temamøte 4.nov kl.19.00
På Hovden grendehus, lesesalen
Tema er tiltaksplanen for villrein som endeleg er komen. Kva inneheld planen og kva skjer vidare i Bykle og Valle?
Vi får besøk frå Norsk Villreinsenter ved Lena Romtveit og Morten Elgaaen.
Mogleg å stille spørsmål etterpå. Alle er velkomne, og enkel servering.

Følg med på Facebook sida vår, m.a. for moglege endringar.

Arr.: Naturvernforbundet i Setesdal

Salmekveld i Skafsåheii fjellkyrkje



Det blir salmekveld i Skafsåheii fjellkyrkje laurdag 14. november kl. 18. Prest i Valle og Bykle, Toralv Frøysaa Lie og organist Erik Hodnemyr presenterer salmar der alle kan vere med å synge. Det blir servert kaffi og kaker, og det er høve til å gje ei gåve til drift av fjellkyrkja. Alle er velkomne!
Arr: Fjellkyrkjelaget.

Mangfaldsfesten er avlyst

FOLKE AKAD EMIET
KULTUR DER DU BOR

Den tidlegare annonserte Mangfaldsfesten i Hovden grendehus laurdag 14. november, i regi av Folkeakademiet i Bykle, er diverre avlyst.
Folkeakademiet i Bykle

Foredrag ved
Irmelin Fossengen

Å gje mennesket rom
- så vi kan sjå meir av Gud

Kultur, tru og undring
BYKLE KYRKJE

Kva hender dersom overgjevinga til Gud blir grenselaus?

Kva ansvar har kyrkja i møte med menneska sine følelser?

Kva er eit menneske verdt for kyrkja når det ikkje har noko å gje?

Korleis ser det ut å «bli som barn»?

TYSDAG 10. NOVEMBER KL. 19 - 21
I KYRKJEKJEDDAREN I BYKLE

Enkel servering

Helsing KTU-komiteen / soknerådet i Bykle

www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 20. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument finn de på heimesida eller følg QR'en

Aktiv på dagtid i Bykle

Er du heime på dagtid, eller treng ein pause i arbeidstida og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre? Aktiv på dagtid» består av fem ulike aktivitetar som passar for deg som vil vere med på noko triveleg, enten du har ledig tid på dagtid eller ønskjer å ta ein pause i arbeidstida. Alle er hjarteleg velkomne, uavhengig av fysisk form.

AKTIV PÅ DAGTID

FRIVILLIG SENTRAL BYKLE

UKEDAG	AKTIVITET	KLOKKESLETT	MØTESTAD
MANDAG			
TYSDAG	Yoga	10:00–11:00	Dansesal, Hovden grendehus
	Sirkeltrening m/instruktør	11:00–12:00	Festsal/kinosal, Bykle samfunnshus
Onsdag			
TORSDAG	Trimtreff	11:00–12:00	Trimrom, Bykle samfunnshus
FREDAG			

SJÅ ALLE AKTIVITETANE I SPOND, KODE: IFZBR, ELLER SJÅ I FRISKUS AKTIVITETSKALENDER.
Kontakt kultur@bykle.kommune.no eller ring 902 16 856 ved spørsmål.

SPRÅKKAFE HOVDEN/ BYKLE BIBLIOTEK

Frivilligsentralen inviterer til språkkafe! Språkkafé er ein møtestad mellom tilflyttarar og lokalbefolkninga, som gir høve til å treffe nye menneske, ha ulike aktivitetar, få praktisert norsk og engelsk i trygge omgjevnader og bli kjend med folk og staden. Vi treng frivillige som vil skravle på norsk!

Ta kontakt!

Ta kontakt med kultur@bykle.kommune eller tlf 90216856 hvis du har spørsmål eller vil vite meir!

5. november: Språkkafé i Bykle.
Vi får besøk frå Valle språkkafé.
19. november: Språkkafé på Hovden.

KULTUR OG FRITID

Hovden grendehus og bibliotek tlf: 902 16 856

Opningstider
Hovden grendehus og bibliotek
- Måndag-torsdag kl 08:00-21:00
- Fredag kl 08:00-16:00

Bykle samfunnshus og bibliotek tlf: 902 16 856

Opningstider
Bykle samfunnshus og bibliotek
- Måndag kl 10:00-16:30
- Torsdag kl 10:00-16:30

Meiropent bibliotek alle dagar kl 07:00-23:00

Leig lokale til arrangement, møte og selskap!
Leige i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune
Lokale som gymsal, dansesal, kulturloft, klubbhus, Flatelandstoga og meir.
Sjå på Bykle kommune nettsida eller ta kontakt for pris og info

Spørsmål? Ta kontakt og følg oss!
kultur@bykle.kommune.no
902 16 856

Kode spond IFZBR
friskus
Bykle kommune
Bykle frivilligsentral
Bykle folkebibliotek
Ungdomsarbeid i Bykle/Hovden

MÅNADENS BOK

Boksirkelen møtast måndag 16.11. klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Kjære natt" av Øystein Skotheim. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med.
Velkomen!
Mvh Magnus, Bykle folkebibliotek

Bygdekinoen



Pensjonskuppet

Hovden grendehus
23.11 kl. 18
Julenissens verkstad
kl. 20
Pensjonskuppet
Bykle samfunnshus
9.11 kl. 17.30
Julenissens verkstad
Billettar 110/130 kr. i døra eller bygdekinoen.no

Kulturkafé

Årets siste kulturkafé 18.11 kl. 18
Foredrag om setesdalsmål med Sigurd Brokke.
Fjellgardane filmforeining sel middag i kaféen.
Arrangør er Bykle mållag i samarbeid med Bykle kommune.

Haust/jolemarknad i Lislestog

BYKLE HUSFLIDSLAG

laurdag 7.nov
kl. 11-16
Mange flotte utstillarar kjem, og du kan mellom anna få kjøpt bakevarer, handarbeid og husflidsprodukt.
I Flatelandsstoga blir det sal av jolegraut og kaker.
Velkomen til marknad!
Arr.: Bykle husflidslag

Tømekalender
Restavfall: 11.11, 25.11
Matavfall: 11.11, 25.11
Papir, glass/metall, plast: 25.11

Tykkås gjenvinningsstasjon har ope:
Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)
Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)
Fredagar klokka 10-13 (private)
Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)

Bykle kommune
BYKLE SER LANGT
Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00
T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no /www.bykle.kyrkja.no

Sundag 1.11
kl. 19 Minnegudsteneste Fjellgardane kyrkje
Onsdag 4.11
kl. 19 konsert med Inger Lise Stulien - Fjellgardane kyrkje. Billettar 200 kr. Kan kjøpast på grendehuset eller via ebillett.no/hovden
Torsdag 5.11
kl. 15 Strikkekafé i Gjenbruksbutikken på Hovden
Fredag 6.11
kl. 19 Misjonssambandet - møte v/ Thorbjørn Bjorvatn Kyrkjekjeddaren i Bykle
Laurdag 7.11
kl. 19 Misjonssambandet - møte v/ Thorbjørn Bjorvatn Kyrkjekjeddaren i Bykle
Sundag 8.11
kl. 11 Misjonssambandet - møte v/ Thorbjørn Bjorvatn Kyrkjekjeddaren i Bykle
Sundag 8.11
kl. 12 Sundagsskule Kyrkjekjeddaren i Bykle
Onsdag 11.11
kl. 12.30 Andakt Bykleheimen
Torsdag 12.11
kl. 12 Babysong Fjellgardane kyrkje
kl. 15 Strikkekafé i Gjenbruksbutikken på Hovden
kl. 17.30 Krølle-kveld for 2.- og 3-åringar i Fjellgardane kyrkje
Fredag 13.11
kl. 19 Samemisjonen, møte v/Alf Kristian Tellefsen Kyrkjekjeddaren i Bykle
Laurdag 14.11
kl. 19 Samemisjonen, møte v/Alf Kristian Tellefsen Kyrkjekjeddaren i Bykle
Sundag 15.11
kl. 11 Gudsteneste Bykle kyrkje
Torsdag 19.11
kl. 15 Strikkekafé i Gjenbruksbutikken på Hovden
Laurdag 21.11
kl. 18 Konsert med Kristiansand symfoniorkester Bykle kyrkje
Sundag 22.11
kl. 16 Sundagsskule Kyrkjekjeddaren i Bykle
Onsdag 25.11
kl. 12.30 Andakt Bykleheimen
kl. 19 Salmar og song i Bykle kyrkje
Torsdag 26.11
Kl. 12 Babysong Fjellfargane kyrkje
kl. 15 Strikkekafé i Gjenbruksbutikken på Hovden
Fredag 27.11
kl. 20 Ung kyrkje m/Beat for beat i Fjellgardane kyrkje

Bibeltimar og møtehelg

Velkommen til bibeltimar i Hoslemo bedehus onsdag 18. og torsdag 19.november kl. 19.00.
Talar er Egil Grindland og tema er bibelske personar.
Velkommen til møtehelg med Torbjørn Bjorvatn i Bykle kyrkje (Kyrkjekjellaren) Fredag 6. og laurdag 7. november kl. 19.00 og søndag 8. november kl. 11.00.
Arr. Misjonssambandet

Mange på Brynjedagen



Mange ville ha det med seg då Brynjedagen vart skipa til på Bykle hotell nyleg. Dagen var ei oppsummering av det treårige Brynjeprosjektet, og i løpet av ein innhaldsrik dag fekk fleire aktørar dele røynsler og lærdom. (Foto: Ole Birger Lien)

Nyleg vart Brynjedagen skipa til i Bykle kommune. Ei oppsummering av tre år med Brynjeprosjektet.
Prosjektet har sett søkeljos på kor viktig det er å skape gode sosiale møteplassar der folk kan kjenne tilhøyrsle og fellesskap. Fleire av innleiarane løfta fram konkrete tiltak som har gjeve positive resultat, mellom anna aktivitetar på tvers av generasjonar, møteplassar i nærmiljøet og bruk av hest som terapi og meistringsarena.


Samarbeid

Eit anna gjennomgåande tema var den sterke dugnadsånda som finst i Bykle. Frivillige, lag og foreiningar, næringsliv og offentlege tenester har samarbeidd for å skape aktivitetar og inkluderande fellesskap. Sjølv om Brynjeprosjektet no er formelt avslutta, var bodskapen frå fleire av innleiarane tydeleg: Arbeidet må halde fram. Utanforskap og einsemd forsvinn ikkje av seg sjølv. Samstundes vart det understreka at tett samarbeid mellom offentlege tenester, frivillige aktørar og lokalsamfunnet vil vere viktig også i åra som kjem.
Brynjedagen vart slik både ei markering av det som er oppnådd gjennom tre år med innsats, og ei påminning om at arbeidet for eit inkluderande Bykle er eit felles ansvar som held fram.



Bykle sundagsskule hausten 2026

Det blir søndagsskule i kyrkjekjellaren i Bykle kyrkje kl 16-17 følgande søndagar:
11.oktober, 25.oktober.
8.november, 22.november
og 13.desember.
Alle born frå tre år og oppover er hjarteleg velkomne.
Har de spørsmål, ta kontakt med Jørgine Sofie Mosdøl, tlf.: 951 72 235.
Arr.: Bykle søndagsskule



Krølle-kveld

for 2 og 3 åringer
torsdag 12.november
kl.16:30
i Fjellgardane kyrkje

Me skal leita etter det vesle lammet Krølle,
og me skal eta frukt.

DEN NORSKE KYRKJA
Bykle, Valle og Hylestad

Bykle og Hovden teaterlag presenterer:

HOVDENREVYEN2026

«Over skog og hei»



Framsyningar på Hovden Grendehus

30/10 kl.19:00 • **31/10** kl.16:00 • **31/10** kl.19:00

Regi - scenisk og musikalsk: Bjøro Hildebrandt

Kapellmeistar: Magnus Marstad

Billettesal på Hovden Grendehus eller ebillett.no/hovden Pris 390,-